



Anne Lise Fjelde Skjelvik  
Gamlevegen 48

5265 Ytre Arna

### Gnr.229 Bnr. 6 og 9 Skår, Bjørsvik setjefiskanlegg

Visar til Dykkar brev av 22.06.2017 med svarfrist tre veker. Dette brevet fekk me først levert den 10.07.2017.

Vil gjera merksam på at det gitt igangsettingsløyve frå Lindås kommune på byggjetrinn 2. pr 02.04.2017. Med 3 vekers klagefrist for Fylkesmannen.

Det er gjort ein del ras-sikring, som sikrar mot steinsprang frå skråninga ned mot anlegget og det meste av sikringa som er gjennomført vart tatt før byggjetrinn 1. Denne ras-sikringa består av installering av boltar og steinsprangnett.

I samband med sprenging av grunn ved foten av skjeringa, anbefalte geologar at ein i forkant gjennomførte ein del bolting av fjell, sjølv om det også var bolta tidlegare. Dette for å sikra at det ikkje raste ut lause blokker frå fjellet. Det vart deretter anbefalt at ein manuelt fjerna lause masser, bergfragment og sikra større blokker i skjeringa, dette arbeidet vart gjort etter anbefaling frå geolog.

I samband med dette arbeidet er det fjerna nokre tre, som ein også ser på bilete Dykk sendte som vedlegg, det er bare å beklage viss Lerøy har utført dette sikringsarbeidet utan å melde frå til Dykk.

Bekkjarvik, 12.07.2017

Med venleg helsing  
for Sjøtroll Havbruk AS

Nils Arve Eidsheim  
Samfunnskontakt for Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk